

STORTINGET

2014–2015





Innhald

Det 159. ordentlege storting vert opna	<u>3</u>
Stortingets presidentskap	<u>4</u>
Den parlamentariske stillinga i sesjonen	<u>5</u>
Arbeidet i Stortinget	<u>7</u>
Sentrale saker i sesjonen	<u>10</u>
Verksemda i komiteane	<u>14</u>
Uavhengig granskingskommisjon for brannen på Scandinavian Star	<u>17</u>
Ny nasjonal institusjon for menneskerettar	<u>17</u>
Internasjonalt samarbeid	<u>18</u>
Utstillingar i Stortinget	<u>20</u>
Sametinget på Stortinget	<u>22</u>
Byggjearbeid	<u>23</u>
Stortinget på nett	<u>24</u>
Omvisingar og tilbod til skulane	<u>25</u>
Stortingsadministrasjonen per september 2015	<u>27</u>

Det 159. ordentlege storting vert opna

Det 159. ordentlege storting tredde saman og konstituerte seg onsdag 1. oktober 2014, i tråd med Grunnlova § 68: «Stortinget kjem i regelen saman i hovudstaden den fyrste kvardagen i oktober kvart år».

Dagen etter vart Stortinget høgtidleg opna av H.M. Kong Harald. Kongen las trontala og statsråd Torbjørn Røe Isaksen las opp meldinga om rikets tilstand og styring. Etter tradisjonen er meldinga lesen på nynorsk av eit av medlemene av regjeringa, ofte den yngste, medan trontala er skriven på bokmål.



Kunnskapsminister Torbjørn Røe Isaksen les meldinga om rikets tilstand og styring. (Foto: Stortinget/Terje Heiestad)

Statsminister Erna Solberg overrekkjer trontala til H.M. Kong Harald. (Foto: Stortinget/Terje Heiestad)



Stortingets presidentskap

Stortingspresidenten har det høgste offentlege vervet i Noreg, og er nest etter Kongen i rang. Presidenten leier presidentskapet, som har til hovudoppgåve å leggja til rette arbeidet i Stortinget. I presidentskapet sit det òg fem visepresidentar, som har same myndigheit som presidenten når dei leier møta i Stortinget. Presidentskapet vert valt for kvar stortingssesjon.

STORTINGSPRESIDENT

Olemic Thommessen (H), Oppland. Han har møtt som fast stortingsrepresentant frå 2001.

VISEPRESIDENTAR

1. visepresident:

Marit Nybakk (A), Oslo. Stortingsrepresentant frå 1987. Ho leidde forsvarskomiteen 2001–2005, var tredje visepresident 2009–2013 og var president i Nordisk råd i 2013.

2. visepresident:

Kenneth Svendsen (FrP), Nordland. Har møtt som stortingsrepresentant frå 1997.

3. visepresident:

Svein Roald Hansen (A), Østfold. Stortingsrepresentant frå 2001.

4. visepresident:

Ingjerd Schou (H), Østfold. Stortingsrepresentant 2001–2005 og frå 2009. Ho var statsråd i Sosialdepartementet 2001–2004.

5. visepresident:

Line Henriette Hjemdal (KrF), Østfold. Ho har møtt som stortingsrepresentant frå 2005 og var òg femte visepresident 2009–2011.



Presidentskapet 2014–2015: Frå v. Ingjerd Schou, Kenneth Svendsen, Olemic Thommessen, Marit Nybakk, Svein Roald Hansen og Line Henriette Hjemdal. (Foto: Stortinget/Terje Heiestad)

Den parlamentariske stillinga i sesjonen




STYRKETILHØVET MELLOM PARTIA

Mandatfordeling 2013–2017

Det er i alt 169 stortingsrepresentantar. I perioden 2013–2017 er fordelinga mellom partia slik: (Tala for førre perioden er med for å visa endringane).

Parti	Perioden 2013–2017	Perioden 2009–2013
A	55	64
H	48	30
FrP	29	41
KrF	10	10
Sp	10	11
V	9	2
SV	7	11
MDG	1	0




Regjeringa Solberg har eit parlamentarisk grunnlag på 77 representantar. Opposisjonen utgjer 92 representantar.

Valresultatet ved stortingsvalet 2013

(Tala for førre perioden er med for å visa endringane).

Parti	Val 2013	Val 2009
A	30,8 %	35,4 %
H	26,8 %	17,2 %
FrP	16,3 %	22,9 %
KrF	5,6 %	5,5 %
Sp	5,5 %	6,2 %
V	5,2 %	3,9 %
SV	4,1 %	6,2 %
MDG	2,8 %	0,4 %
Andre	2,9 %	2,3 %



Partigruppenes ledere 2014–2015

Parti	Gruppeleiar
A	Jonas Gahr Støre
H	Trond Helleland
FrP	Harald T. Nesvik
KrF	Knut Arild Hareide
Sp	Marit Arnstad
V	Trine Skei Grande
SV	Audun Lysbakken
MDG	Rasmus Hansson

Prosentvis fordeling mellom kjønna

Kjønnsfordelinga på Stortinget vart den same etter valet i 2013 som i førre perioden.

Storingsperiode	Kvinner	Menn
2013–2017	39,6 %	60,4 %
2009–2013	39,6 %	60,4 %
2005–2009	37,9 %	62,1 %
2001–2005	36,4 %	63,6 %

Gjennomsnittsalder på representantane

47,4 år (per 1. oktober 2014)



Marit Nybakk,
A, Oslo.

Representantar med lengst ansiennitet

Oversikta viser kven som har møtt på flest storting (sesjonar)

Møtte fyrste gong					
Marit Nybakk	A	Oslo	30 storting	1985–86	
Jan Tore Sanner	H	Akershus	26 storting	1989–90	
Erna Solberg	H	Hordaland	26 storting	1989–90	
Jens Stoltenberg	A	Oslo	24 storting	1991–92	
Karin Andersen	SV	Hedmark	20 storting	1989–90	

(Per 1. oktober 2015, medrekna periodar dei har vore møtande vararepresentantar eller har sete i regjeringa.)



Stortingets
yngste siste
sesjon, Sivert
Bjørnstad, FrP,
Sør-Trøndelag.

Dei yngste

Sivert Bjørnstad	FrP	Sør-Trøndelag	24 år
Fredric Holen Bjørdal	A	Møre og Romsdal	25 år
Erik Skutle (fast møtande vararepresentant)	H	Hordaland	25 år
Peter Christian Frølich	H	Hordaland	28 år
Sveinung Rotevatn	V	Sogn og Fjordane	28 år

(Per 1. oktober 2015.)



Stortingets
eldste siste
sesjon,
Svein Flåtten,
H, Vestfold.

Dei eldste

Svein Flåtten	H	Vestfold	70 år
Marit Nybakk	A	Oslo	68 år
Helge Thorheim (fast møtande vararepresentant)	FrP	Rogaland	67 år
Martin Kolberg	A	Buskerud	66 år
Svein Roald Hansen	A	Østfold	66 år

(Per 1. oktober 2015.)

Representantar per fylke

Storingsrepresentantane vert fordelte mellom fylka etter ein formel der både innbyggjartal og arealet tel. Fordelinga vert justert før annankvar periode.



Arbeidet i Stortinget



I stortingssesjonen 2014–15, den andre sesjonen i valperioden 2013–17, har Stortinget halde 95 møte og handsama 399 komitéinnstillingar. Stortingsrepresentantane har stilt over 1 900 spørsmål til regjeringa.

Det er presidentskapet som fastset når Stortinget skal ha møte. Normalt er det plenums møte i Stortinget tysdagar, onsdagar og torsdagar. I dei mest travle periodane er det òg møte på måndagar og fredagar. Av og til held møta fram utover kvelden. I sesjonen 2014–15 vart det halde 95 møte, 21 av desse var kveldsmøte.

Plenums møte i Stortinget i sesjonen 2014–15 samanlikna med tidlegare sesjonar

Stortingssesjon	Tal på møtedagar	Tal på kveldsmøte	Total møtelengd
2014–2015	95	21	520 timar og 56 min
2013–2014	89	17	409 timar og 47 min
2012–2013	104	27	535 timar og 21 min
2011–2012	105	18	517 timar og 27 min
2010–2011	108	28	582 timar og 52 min
2009–2010	100	25	486 timar og 53 min

Kjelde: Stortingets elektroniske parlamentariske oppfylgningssystem (EPOS).

Ferdighandsama saker i sesjonen 2014–15 samanlikna med tidlegare sesjonar

Handsama saker	2014–2015	2013–2014	2012–2013	2011–2012	2010–2011	2009–2010
Proposisjonar	157	142	209	153	158	150
Meldingar	31	30	53	31	27	27
Utgreiingar	9	10	10	9	15	9
Representantframlegg	142	61	191	130	187	124
Grunnlovsframlegg	5	12	0	16	5	4
Dokument*	25	25	29	24	28	35
Innberetningar	4	3	6	6	4	3
Andre saker**	19	38	20	28	24	29
Totalt	392	321	518	397	448	381

* Denne sakstypen inneheld mellom anna publikasjonar frå organ knytte til Stortinget, som t.d. Riksrevisjonen.

** Dette kan t.d. vera saker frå presidentskapet, valkomiteen eller saker initierte av kontroll- og konstitusjonskomiteen.

Kjelde: Stortingets elektroniske parlamentariske oppfylgningssystem (EPOS).

Jonas Gahr Støre (A) og statsminister Erna Solberg (H) i spørjetimen 3. desember 2014.


Stortingspresident Olemic Thommessen leier stortingsmøtet.




Stortinget har handsama 392 saker denne sesjonen, fordelt på ulike sakstypar. Ein stor del av desse sakene er proposisjonar og meldingar frå regjeringa. Stortinget har òg handsama ei rekkje saker med opphav i Stortinget, som til dømes mange representantframlegg.

Dei aller fleste sakene vert handsama i ein komité som leverer ei innstilling i saka. I figuren under ser ein talet på ferdighandsama innstillingar i sesjonen 2014–15 samanlikna med tidlegare sesjonar. Den stipla lina viser at gjennomsnittet ligg rett i overkant av 400 innstillingar per sesjon. Såleis ligg sesjonen 2014–15 tett opptil det normale. Ut frå figuren ser me ein tydeleg tendens til at det vert handsama noko færre innstillingar i den fyrste sesjonen etter eit stortingsval, og noko fleire i den siste sesjonen før eit stortingsval.

Tal på ferdighandsama innstillingar i sesjonen 2014–15 samanlikna med tidlegare sesjonar



Ferdighandsama innstillingar per måned i sesjonen 2014–15



Ferdighandsama innstillingar per måned i sesjonen 2014–2015.

Kor mange innstillingar som vert handsama varierer frå måned til måned gjennom stortings sesjonen. Normalt vert det handsama flest innstillingar i desember og juni. Såleis var det òg i stortings sesjonen 2014–15. Den store mengda innstillingar i

desember heng saman med at statsbudsjettet vert handsama ferdig denne månaden. I juni er det normalt mange lovsaker som skal handsamast før sommaren. Til saman vart det handsama 399 innstillingar i sesjonen 2014–2015.



Spørsmål som er svara på i stortings sesjonen 2014–2015. Fordelte mellom parti og type spørsmål


Parti	Hovudspørsmål i munnleg spørjetime	Spørsmål i ordinær spørjetime	Interpellasjonar	Skriftlege spørsmål
A	50	106	33	552
SP	25	44	7	347
SV	25	15	7	177
V	25	14	10	144
KrF	25	2	5	146
MDG	6	19	1	31
H	0	1	6	30
FrP	0	0	7	59
Totalt	156	201	76	1486

Kjelde: Stortingets elektroniske parlamentariske oppfylgningssystem (EPOS).

Spørjeinstituttet er ein sentral del av måten Stortinget kontrollerer regjeringa. Spørsmåla er med og gjev Stortinget informasjon frå regjeringa og kan klårleggja kva haldning til politiske problemstillingar ho har.

Til saman vart det stilt over 1 900 spørsmål til regjeringa i sesjonen. Tabellen viser at det hovudsakleg er opposisjonspartia som stiller spørsmål og interpellasjonar.

Tal på spørsmål som er svara på i den ordinære spørjetimen over tid




Kjelde: Stortingets elektroniske parlamentariske oppfylgningssystem (EPOS).

I sesjonen 2014–15 vart det svara på 201 spørsmål i den ordinære spørjetimen. Som figuren over viser, har talet på spørsmål til den ordinære spørjetimen minka over tid. Den motsette utviklinga ser ut til å gjelda for interpellasjonar og

skriftlege spørsmål, men her ser me igjen ein minkande tendens dei aller siste sesjonane. Talet på skriftlege spørsmål auka rett nok igjen i sesjonen 2014–15 samanlikna med sesjonen 2013–14.

Talet på skriftlege spørsmål og interpellasjonar over tid



Kjelde: Stortingets elektroniske parlamentariske oppfylgningssystem (EPOS).

Sentrale saker i sesjonen

Stortinget handsama 392 saker i sesjonen 2014–2015.

Her er nokre av dei mest sentrale.

STATSBUDSJETTET

Framlegg til statsbudsjett for 2015 vart lagt fram av finansminister Siv Jensen (FrP) 8. oktober 2014. Som mindretalsregjering er regjeringa Solberg avhengig av støtte frå samarbeidspartia Venstre og Kristeleg Folkeparti for å få budsjettet vedteke.

I Stortinget er det faste tidsfristar for handsaminga av statsbudsjettet: Seinast 20. november skal finanskomiteen levera innstilling om budsjettet, med framlegg til rammevedtak for løyvingar – budsjettinnstillingane frå dei andre komiteane skal handsamast av Stortinget seinast 15. desember.

Hausten 2014 drog tingingane om eit budsjettforlik ut i tid. Finanskomiteen måtte difor levera innstilling om budsjettet utan at det låg føre noko fleirtalsframlegg.

21. november vart KrF, V, H og FrP samde om ei heilskapleg avtale om statsbudsjettet for 2015. Finanskomiteen leverte deretter ei tilleggsinnstilling med utgangspunkt i denne avtala 28. november. Men fordi budsjettprosessen då var forseinka, måtte finansdebatten forskuvast.

Statsbudsjettet vart likevel ferdig handsama innanfor fristen 15. desember. Revidert nasjonalbudsjett vart vedteke 19. juni.

Stortingssalen er nesten fullsett når Stortinget handsamar grunnlovsendringar.





GRUNNLOVSENDRINGAR

Våren 2015 endra Stortinget Grunnlova. Prøvingsretten til domstolane vart grunnlovfesta 1. juni. Denne prøvingsretten vart lenge rekna som ein konstitusjonell sedvanerett – ein uskriven forfatningsregel oppfatta som rettsleg forpliktande. Grunnlova § 89 lyder no difor (på bokmål og nynorsk):

«I saker som reises for domstolene, har domstolene rett og plikt til å prøve om lover og andre beslutninger truffet av statens myndigheter strider mot Grunnloven.»

«I saker som blir reiste for domstolane, har domstolane rett og plikt til å prøve om lover og andre avgjerder tekne av dei statlege styresmaktene strir mot Grunnlova.»

I same møtet forkasta Stortinget fleire andre framlegg til grunnlovsendringar. Det galdt mellom anna framlegg om forbod mot dobbelstraff, framlegg om endringar i tilhøvet mellom stat og kyrkje og framlegg om unnatak frå tilbakeverknadsforbodet for handlingar som kunne straffast etter folkeretten.

LOVENDRINGAR

Ei rekkje framlegg til lovendringar vart handsama i sesjonen. Døme på lovvedtak frå sesjonen er:

- Endringar i arbeidsmiljølova og sosialtenestelova (tilgang til mellombels tilsetjing mm. og vilkår om aktivitet for stønad til livsopphald)





Demonstrasjon på Eidsvollsplass mot endringer i arbeidsmiljølova.

- Endringer i vernepliktslova og heimevernlova (allmenn verneplikt – verneplikt for kvinner)
- Lov om ikraftsetjing av straffelova 2005
- Endringer i politilova (tryggleik i kvardagen – nærpolitireforma)
- Endringer i politilova (bistand frå Forsvaret)
- Endringer i straffegjennomføringslova (straffegjennomføring i annan stat)
- Lov om posttenester (postlova)
- Endring i offentleglova (unnta frå innsynsretten byrådsnotat og drøftingsdokument til byrådskonferansar og førebunde byråd i kommunar/fylkeskommunar med parlamentarisk styreform)
- Endringer i pasient- og brukarrettslova og spesialisthelsetenestelova (fritt behandlingsval)
- Oppheving av lov om forbod mot profesjonell boksing
- Endringer i pengespellova og lotterilova (tippenøkkelen, private pokerlag)
- Endringer i småbåtlova (påbod om bruk av flyteutstyr i fritidsbåtar)
- Lov om Noregs nasjonale institusjon for menneskerettar
- Endringer i lov om motorferdsel i utmark og vassdrag

STORTINGSMELDINGAR

Stortingsmeldingar er meldingar frå regjeringa til Stortinget om arbeid som er gjort eller drøfting av politikk for framtida. Desse dannar ofte grunnlag for seinare lovframlegg og -vedtak.

Stortinget har mellom anna handsama desse stortingsmeldingane i 2014–2015:

- *Utdanning for utvikling*
- *Et mangfoldig og verdiskapende eierskap*
- *Muligheter for alle – menneskerettigheter som mål og middel i utenriks- og utviklingspolitikken*
- *På rett spor – Reform av jernbanesektoren*
- *På rett vei – Reform i veisektoren*
- *Konsentrasjon for kvalitet. Strukturreform i universitets- og høyskolesektoren*
- *Kommunereformen – nye oppgaver til større kommuner*

UTGREIINGAR

11. november 2014 gjorde utanriksministeren og helse- og omsorgsministeren greie for smitteutbrotet av ebola i Vest-Afrika. Statsminister Erna Solberg heldt 30. april 2015 ei utgreiing om situasjonen i Middelhavet og den humanitære krisa i Syria og Irak. Justis- og beredskapsministeren heldt to utgreiingar i 2015: 5. mai om falske basestasjonar og 2. juni om mellombels væpning av politiet.



Ola Elvestuen (V), Knut Arild Hareide (KrF), Trond Helleland (H), Jonas Gahr Støre (A), Marit Arnstad (Sp) og Rasmus Hansson (MDG) held pressekonferanse i vandrehallen om det såkalla Syria-forliket.

INITIATIVDEBATTAR

I utgangspunktet kan ikkje komiteane handsama andre saker enn dei som er oversende frå Stortinget. I 2013 fekk likevel forretningsordenen for Stortinget inn ei ny føresegn som opna for at kvar komité, inntil to gonger i sesjonen, kan ta initiativ til debatt i Stortinget om eit tema som fell innanfor saksområdet til komiteen. Bakgrunnen for endringa var ynsket om å styrkja Stortinget som aktuell debattarena.

7. april 2015 vart den nye debattforma – der éin representant frå kvar parti får tilgang til ei uavgrensa mengd innlegg – teken i bruk for fyrste gong. Fyrst ut var arbeids- og sosialkomiteen som tok initiativ til ein debatt om verknadene av utførereforma. Etter initiativ frå familie- og kulturkomiteen vart det seinare, 26. mai, halde debatt om vilkåra til pressefridomen i Noreg.

REPRESENTANTFRAMLEGG

Stortingsrepresentantane har framleggsrett på lik line med regjeringa. Kvar sesjon vert det fremja mange representantframlegg – både lovframlegg og framlegg til stortingsvedtak. I sesjonen 2014–2015 kom det til saman 147 slike framlegg.

Dei fleste representantframlegga vert sette fram av representantar frå opposisjonspartia og vert difor ofte røysta ned. Men

langt frå alltid. Til dømes vart eit representantframlegg frå Kjell Ingolf Ropstad, Hans Olav Syversen og Olaug V. Bollestad (alle KrF) om å oppheva juryordninga vedteke av Stortinget denne sesjonen. Det same vart eit lovframlegg om å endra offentleglova, fremja av representantar frå H, FrP, A, KrF og V.

Anten dei vert vedtekne eller ikkje, vekkjer representantframlegga gjerne stor debatt både i og utanfor Stortinget. Døme på dette frå denne sesjonen er framlegg om å anerkjenna Palestina som eigen stat, at politiet til vanleg ikkje skal vera væpna, å trekkja oljefondet utland ut av kølselskap, å oppheva høvet til kommunalt forbod mot tigging, at Noreg skal arbeida for eit forbod mot atomvåpen og om Stortingets involvering i saker om store gruveplanar og sjødeponi.

Mest omtala av representantframlegga denne sesjonen var nok likevel framlegget frå Jonas Gahr Støre (A), Trond Helleland (H), Knut Arild Hareide (KrF), Marit Arnstad (Sp), Ola Elvestuen (V) og Rasmus Hansson (MDG) om auka norsk innsats i samband med den humanitære krisa i Syria og nærområda. Framlegget, basert på det såkalla Syria-forliket mellom dei same partia, vart vedteke av Stortinget 19. juni.

Verksemda i komiteane

Fagkomiteane leverte 381 innstillingar denne sesjonen. Arbeidet med statsbudsjettet tok som vanleg mesteparten av tida til komiteane på hausten, medan vårsesjonen gjekk med til reiser, høyringar og handsaming av andre saker, deriblant ei rekkje lovframlegg.

Oppgåva til fagkomiteane er å førebu dei sakene Stortinget skal ta stilling til. Representantane er fordelte på tolv fagkomitear, og desse leverer innstillingar til Stortinget om dei proposisjonane, meldingane og representantframlegga som fell inn under deira saksområde.

Om hausten er særleg arbeidet med statsbudsjettet tidkrevjande, både for finanskomiteen som samordnar budsjetthandsaminga og leverer finansinnstillinga, og for fagkomiteane elles som leverer innstillingar om løyvingane innanfor fagområda sine. Om våren vert omprioriteringar og tilleggsløyvingar frå regjeringa handsama i det reviderte nasjonalbudsjettet.


I tillegg til budsjettet kjem det fleire andre faste årlege saker frå regjeringa. Kommunal- og forvaltningskomiteen handsamar kommuneproposisjonen som handlar om den politikken regjeringa vil føra andsynes kommunane i året som kjem, medan næringskomiteen handsamar jordbruksoppgjeret, som er avtala staten inngår med landbruket om mellom anna prisane på jordbruksvarer.

Komiteane har møte gjennom heile sesjonen. I sesjonen 2014–15 vart det halde til saman 380 komitémøte. Ved handsaminga av somme saker vedtek komiteen at det òg skal haldast høyring i saka. Ei høyring er eit møte der inviterte organisasjonar legg fram sitt syn og svarar på spørsmål frå komiteen. Høyringane er ein viktig reiskap for komiteane for å få innspel og informasjon, samstundes som det gjev ulike interesseorganisasjonar høve til å påverka dei avgjerdene politkarane skal ta. I sesjonen 2014–15 vart det til saman halde 119 slike høyringar der det totalt møtte 1 654 instansar.


Høyring i arbeids- og sosialkomiteen.




Tal på komitémøte og tal på leverte innstillingar per komité i sesjonen 2014–15



Tal på høyringar per komité i sesjonen 2014–15



Tal på instansar som har vore på høyring i kvar einiskild komité i sesjonen 2014–15



Komiteane bruker òg noko tid på reising. I sesjonen 2014–15 gjennomførte komiteane til saman 30 reiser innanlands fordelte på dei fleste av fylka i landet, og 24 utanlandsreiser til Norden, Europa elles, og dessutan Afrika, Asia og Nord-Amerika (m.a. til SN i New York).

Komiteane arrangerte òg totalt seks seminar om fagfeltene sine på Stortinget, hadde 116 møter med eksterne organisasjonar og instansar på Stortinget, og 35 møte med eksterne utanfor Stortinget.

KOMITÉLEIARAR



Arbeids- og sosialkomiteen,
Arve Kambe (H), Rogaland



Energi- og miljøkomiteen,
Ola Elvestuen (V), Oslo



Familie- og kulturkomiteen,
Svein Harberg (H), Aust-Agder



Finanskomiteen,
Hans Olav Syversen (KrF), Oslo



Helse- og omsorgskomiteen,
Kari Kjønaas Kjos (FrP),
Akershus



Justiskomiteen,
Hadia Tajik (A), Oslo



Kyrkje-, utdannings- og
forskningskomiteen,
Trond Giske (A), Sør-Trøndelag



Kommunal- og forvaltings-
komiteen, Helge André Njåstad
(FrP), Hordaland



Kontroll- og konstitusjonsko-
miteen, Martin Kolberg (A),
Buskerud



Næringskomiteen,
Geir Pollestad (Sp),
Rogaland



Transport- og kommunikasjons-
komiteen, Linda C. Hofstad
Helleland (H), Sør-Trøndelag



Utanriks- og forsvarskomiteen,
Anniken Huitfeldt (A), Akershus



Riksrevisor Per Kristian Foss vert intervjuet i komitéhuset under ei kontrollhøyring.

KONTROLLSAKER

Kontroll- og konstitusjonskomiteen kan sjølv undersøkje forvaltninga for å kontrollere om politikken til regjeringa samsvarar med vedtaka og intensjonane i Stortinget.

Avgjerda om å starta ei eiga undersøking kan takast av ein tredjedel av medlemene i komiteen, dvs. at minimum fire av dei tolv medlemene i komiteen må stå bak eit framlegg om å setja i gang ei undersøking.

Når komiteen set i gang undersøkingar er det fyrste steget ein skriftleg førespurnad til den ansvarlege statsråden. Om komiteen tykkjer svaret er fullgodt, vert undersøkinga avslutta. Om ikkje kan komiteen stilla fleire spørsmål, eller han kan vedta å «opna sak». Dette inneber at komiteen formelt tek saka opp til handsaming og leverer innstilling til Stortinget. Normalt vert det halde kontrollhøyring. Endeleg vert saka debattert av Stortinget i plenum.

I 2014–2015 nytta komiteen initiativretten og heldt omfattande kontrollhøyringar i fire saker:

- **Sal av marinefartøy**

Bakgrunnen for saka var ein serie artiklar i Dagbladet og andre medium der det kom fram alvorlege påstandar om omstenda rundt sal av ei rekkje tidlegare norske marinefartøy. Saka er framleis under handsaming i komiteen, og det er så langt ikkje levert innstilling til Stortinget.

- **Om utsending av lengeverande asylborn og opplysningsplikta til justis- og beredskapsministeren etter Grunnlova § 82**

Bakgrunnen for saka var ein serie artiklar i Bergens Tidende om utsending av lengeverande asylborn og utsegnene til statsråden i Stortinget. Saka vart debattert i Stortinget 19. mai 2015, og eit framlegg om «daddelvedtak» (kritikkvedtak) mot justis- og beredskapsminister Anders Anundsen (FrP) vart vedteke med 92 mot 77 røyster.

- **Telenors handtering i VimpelCom-saka og Nærings- og fiskeridepartementet si eigarskapsutøving i Telenor**

Saka hadde bakgrunn i påstandar om stikkpengar, muter og korrupsjon i samband med utbetalingar frå mobilselskapet VimpelCom, der Telenor har ein eigarlut på 33 prosent.

- **Helse- og omsorgsdepartementet si eigarstyring knytt til nytt sjukehus i Nordmøre og Romsdal**

Bakgrunnen for saka var den offentlege merksemda knytt til valet av plassering av nytt sjukehus og om eigarstyringa var gjort i samsvar med helseføretakslova.

I tillegg til sakene komiteen sjølv tok initiativ til, heldt komiteen også kontrollhøyringar som led i handsaminga av tre saker frå Riksrevisjonen. Desse dreia seg om elektronisk meldingsutveksling i helse- og omsorgssektoren, moderniseringa av IKT i Nav, og arbeidet med samfunnstryggleik og vernebuving i Justis- og beredskapsdepartementet.



Justis- og beredskapsminister Anders Anundsen (FrP) i stortingsalen under handsaminga av kontrollsaka om opplysningsplikta til ministeren.



Høyring i kontroll- og konstitusjonskomiteen. (Foto: Stortinget/Morten Brakestad)

Uavhengig granskingskommisjon for brannen på Scandinavian Star



Stortinget vedtok 12. mai å nemna opp ein uavhengig granskingskommisjon som skal granska brannen på ferja MS «Scandinavian Star» i 1990.

Føremålet med granskingskommisjonen skal vera å vurdere om dei faktiske tilhøva det er gjort greie for under den tidlegare handsaminga av saka i Stortinget, gjev eit korrekt og fullnøyande bilete av saka i ljøs av den informasjonen som seinare er komen fram.

Kommisjonen skal òg vurdere korleis offentlege styremakter fylgde opp saka og tok vare på overlevande og pårørande. Stortingets presidentskap skal nemna opp medlemer og utarbeida eit mandat til granskingskommisjonen, etter drøftingar med partigruppene.

Framlegget om å oppretta ein stortingsoppnemnd granskingskommisjon vart sett fram i stortingsmøtet 17. februar 2015 av representantar for A, Sp, KrF, V, SV og MDG.

PARLAMENTARISK GRANSKINGSKOMMISSJON

Parlamentariske granskingskommisjonar er eit av verktøya Stortinget har til å utføre kontrollverksemda si.

Granskingskommisjonar er oppnemnde av Stortinget for å klårleggja eller vurdere ein tidlegare faktisk hendingsgang.

Nærare reglar for parlamentariske granskingskommisjonar står i § 19 i forretningsordenen for Stortinget.

Slike parlamentariske kommisjonar er sjeldsynte; sidan 1985 har Stortinget oppnemnt fem granskingskommisjonar. Det har oftare vore regjeringa som har sett ned kommisjonar når det har vore naudsynt å granska ei sak.

Ny nasjonal institusjon for menneskerettar

Stortinget har oppretta ein ny nasjonal institusjon for menneskerettar. Institusjonen er organisatorisk underlagd Stortinget, men er elles ubunden.

Stortinget vedtok 19. juni 2014 å oppretta ein ny nasjonal institusjon for menneskerettar. Lov og instruks for institusjonen vart vedtekne av Stortinget i april 2015. Stortinget har valt eit styre med lagmann Cecilie Østensen Berglund til styreleiar og Knut Vollebæk til nestleiar. Direktøren vert oppnemnd av Stortinget på bakgrunn av ei offentlig utlysing av stillinga.

OPPGÅVENE TIL DEN NASJONALE INSTITUSJONEN

Den nasjonale institusjonen skal vera med og styrkja gjennomføringa av menneskerettane, særleg ved å:

- a) overvaka og rapportera om stoda for menneskerettane i Noreg, og leggja fram tilrådingar for å sikra at dei menneskerettslege skyldnadene Noreg har vert oppfylte,
- b) rådgje Stortinget, regjeringa, Sametinget og andre offentlege organ og private aktørar om gjennomføringa av menneskerettane,

- c) informera om menneskerettane, og rettleia einskildpersonar om nasjonale og internasjonale klageordningar,
- d) fremja opplæring, utdanning og forskning på menneskerettane,
- e) leggja til rette for samarbeid med relevante offentlege organ og andre aktørar som arbeider med menneskerettane,
- f) delta i internasjonalt samarbeid for å fremja og verja menneskerettane.

Den nasjonale institusjonen skal ikkje prøva einskildsaker om krenkingar av menneskerettane.

Den nasjonale institusjonen skal årleg levera ei melding til Stortinget om verksemda til institusjonen og utviklinga av menneskerettssituasjonen i Noreg.

Internasjonalt samarbeid

Gjennom internasjonale gjestingar, interparlamentarisk samarbeid og annan kontakt med internasjonale miljø er stortingsrepresentantane òg aktive på den internasjonale arenaen.

Tema som situasjonen i Ukraina og tilhøvet til Russland, kamp mot terror og auka radikalisering, konflikten i Syria og auka migrasjonsstraumar har prega diskusjonane i dei fleste interparlamentariske delegasjonane i sesjonen.

STØTTE TIL UKRAINA

Stortingspresident Olemic Thommessen har stått i brodden for eit nordisk-baltisk initiativ for å hjelpa Ukraina med å skapa eit velfungerande og effektivt ukrainsk parlament, noko ukrainarane sjølve har ynskt støtte til. I det høvet gjesta stortingspresidenten Kiev og det ukrainske parlamentet saman med dei andre nordiske og baltiske parlamentspresidentane i mars. Som oppfølging vil Stortinget invitara ukrainske parlamentarikarar på studiebesøk hausten 2015.

Dei fleste av delegasjonane som Stortinget har til internasjonale parlamentariske forsamlingar har òg hatt Ukraina på dagsordenen. I Europarådet heldt ein ved lag vedtaket om å inndra røysteretten til den russiske delegasjonen ut 2015.

I Organisasjonen for samarbeid og tryggleik i Europa (OSSE) var Ukraina tema for plenumsdebatten på vintermøtet i Wien, og på den årlege sesjonen i Helsingfors vart det vedteke ein resolusjon som fordømde Russlands vedvarande handlingar i Ukraina. Den internasjonale parlamentariske union (IPU) heldt vårsesjonen sin i Hanoi i Vietnam. Der støtta den norske delegasjonen ein deklarasjon med støtte til Ukrainas folk og styremakter og kritikk av russiske brot på internasjonale avtaler.

Stortingspresident Olemic Thommessen legg ned blomar på Majdan-plassen i Kiev.



RADIKALISERING

Integrasjon, radikalisering og ekstremisme var sentrale tema under Nordisk råds minisjesjon i København i mars. Den danske ministeren for nordisk samarbeid og Københavns politidirektør gav parlamentarikarane frå heile Norden ei orientering om terroråta i København. På bakgrunn av debatten kom parlamentarikarane i Nordisk råd med ei sams tverrpolitisk uttale om førebygging av ekstremisme.

Også Europarådets parlamentarikarforsamling (PACE) har sett kamp mot auka radikalisering på dagsordenen gjennom støtte til ungdomskampanjen «Stopp hatprat». I samband med at presidenten i PACE, Anne Brasseur, deltok på markeringa av 22. juli i regjeringkvartalet gav ho og stortingspresidenten ei sams fråsegn mot hatprat og for naudsynet for meir demokrati.

MIGRASJON

OSSEs parlamentarikarforsamling diskuterte den pågåande flyktningkrisa på haustmøtet i Mongolia i september. Svært mange av medlemene i forsamlinga bad alle 57 medlemslanda i OSSE om å ta ansvar for flyktningane som kjem til Europa, og visa handlekraft no. Dei oppmoda til sams innsats for eit anstendig mottaksapparat og human behandling av flyktningane.

Utfordringar knytte til den store straumen av migrantar og flyktningar til Europa har stått sentralt på sesjonane i Europarådets parlamentarikarforsamling i 2015, og representantar frå heile Europa har vist engasjement og vore sterkt gripne av situasjonen. Delegasjonen frå Stortinget var på ei eiga delegasjonsreise til Roma og Sicilia i september for å få djupare innsikt i problematikken.

DEMOKRATIUTVIKLING

Stortingspresidenten har lagt vekt på å bidra til demokratiutvikling, rettsstatsprinsipp og menneskerettar i det internasjonale virket sitt. Han var på eit offisielt besøk til Georgia 23.–26. mars, mellom anna for å støtta den vidare utviklinga av det unge demokratiet i landet. Han var òg på eit offisielt besøk til Romania med ein tverrpolitisk delegasjon frå Stortinget 21.–23. juni, det òg for å støtta den demokratiske utviklinga i landet. I slutten av august tala stortingspresident Olemic Thommessen til nærare 140 av verdas parlamentspresidentar i plenumssalen i SN i New York, i regi av Den interparlamentariske union (IPU). I tala understreka Thommessen kor viktig rolle parlamenta har for å nå dei nye berekraftsmåla som SN vedtek i 2015 og som fylgjer opp dei tidlegare tusenårsmåla.

EU/EØS

I mars 2015 tok Stortinget imot kollegaer frå Europaparlamentet og dei fire nasjonale parlamenta i EFTA-landa til eit sams EØS-parlamentarikarmøte. Slike møte opnar for viktig dialog med Europaparlamentet, EFTA-kollegaer og styremaktene i EØS, og gjev samarbeidet ein parlamentarisk dimensjon.

Stortinget har eige kontor i Brussel med éin medarbeidar, som vart oppretta i 2010 for å gje representantane betre informasjon om EU/EØS-saker. Frå 1. juli 2014 til 1. juli 2015 deltok norske stortingsrepresentantar på seks fellesmøte mellom Europaparlamentet og nasjonale parlament i Brussel og elleve møte arrangerte av formannskapslanda Italia og Latvia. I tillegg

har det vore fire komitébesøk i Brussel og eit bilateralt møte mellom Europaparlamentet og Stortinget.

Det årlege studieopphaldet i Brussel vart gjennomført for elleve representantar i 2015.

NORDISK SAMARBEID INTERNASJONALT

Kvar for seg vert dei nordiske landa små i mange internasjonale fora, men gjennom eit tett samarbeid og koordinering kan ein opptre samla og såleis få innverknad. Det er etablert gode rutinar mellom dei nordiske parlamenta når det gjeld samarbeid i internasjonale parlamentariske fora i IPU, Europarådet, Organisasjonen for tryggleik og samarbeid i Europa (OSSE) og NATO. I fleire tilfelle er dette utvida til å òg femna om dei baltiske landa, også kalla nordisk-baltisk samarbeid, eller NB8. I tillegg samarbeider dei nordiske landa tett innanfor Arktisk parlamentarikarforsamling, og sjølvstilt innanfor Nordisk råd, der 20 av 87 medlemmer er frå Noreg og Stortinget.

Stortingspresident Olemic Thommessen talar i plenumssalen i SN.



Utstillingar i Stortinget

Storingsrepresentantane Margunn Ebbesen, Tone Wilhelmsen Trøen og Ingunn Foss studerer Grunnlova av 4. november 1814 på Norsk Folkemuseum. (Foto: Stortinget/Sverre Christian Jarild)



GRUNNLOVSJUBILEET HAUSTEN 2014

Stortinget heldt fram med å feira grunnlovsjubileet hausten 2014, med vekt på det fyrste omframme stortinget kom saman og arbeidde for å redda Grunnlova av 17. mai. I oktober feira Stortinget 200-årsdagen sin i den gamle stortingssalen på Norsk Folkemuseum. Både storingsrepresentantar og tilsette i stortingsadministrasjonen tok del i feiringa, og den reviderte Grunnlova av 4. november vart for fyrste gong teken med attende og stilt ut i lokalet der ho vart utarbeidd av det fyrste stortinget for 200 år sidan.

Jubileumsutstillinga «Skjebneåret 1814. Fire dokument som forma Noreg» var godt besøkt gjennom heile jubileumsåret. I mars 2015 vart utstillinga korta ned og det vart gjort plass til ei ny utstilling i historisk sal.

UTSTILLING OG SEMINAR OM HISTORIA TIL RIKSRETTE

I høve 200-årsjubileet for Høgsterett heldt Stortinget 17. mars 2015 eit seminar om rolla til Riksretten og kva han har hatt å seia, før utstillinga «Riksretten – ein politisk domstol i 200 år» vart opna. Utstillinga tek føre seg dei seks riksrettssakene i norsk historie, og kva dei har hatt å seia for den parlamentariske utviklinga, med særleg vekt på den politiske striden på 1880-talet. Utstillinga er tilgjengeleg fram til ei ny utstilling opnar i mars 2016, i samband med 150-årsjubileet for stortingsbygningen.

UTSTILLING OM KRIG OG FRIGJERING

9. april 2015 var det 75 år sidan krigen kom til Noreg. Denne hendinga vart markert med taler av stortingspresidenten i stortingssalen og ved Hambro-statuen på Eidsvoll's plass. I Eidsvollsgalleriet opna utstillinga «Då diktaturet fortrenge demokratiet» om at Stortinget flykta til Elverum, tyskarane okkuperte stortingsbygningen og at Stortinget tredde inn att etter frigjeringa. Etter utstillingsopninga vart det halde eit seminar i lagtingsalen om aktørane Hambro og Koht.

Leiar i Stortingets ansvarskommisjon Erling J. Husabø på seminar om Riksretten i lagtingsalen. (Foto: Stortinget/Morten Brakestad)





Protokollen med Elverumsfullmakta var sentral i utstillinga, og på ettermiddagen 9. april tok stortingspresidenten med seg protokollen på dagstur til folkehøgskulen på Elverum og markeringa av 75-årsdagen der. Elverumsfullmakta låg utstilt i Eidsvollsgalleriet fram til 8. mai, saman med saker og fotografi som dokumenterte korleis den tyske okkupasjonsmakta brukte stortingsbygningen under krigen.

UTSTILLING OM MÅLARSTYKKET «EIDSVOLD 1814»

20. mai 2015 opna stortingspresidenten ei utstilling i historisk sal om det kjende målarstykket Eidsvold 1814 av Oscar Wergeland, 125 år etter at det vart gjeve i gåve til Stortinget. Bakgrunnen

for at målarstykket vart tinga var den politiske striden om parlamentarismen. Målarstykket skulle minna dei folkevalde på å vera tru mot riksforsamlinga på Eidsvoll og verna om Grunnlova. Då målarstykket vart gjeve til Stortinget i 1885 var striden over. Men målarstykket fekk sin heidersplass bak presidentplassen og har sidan vore eit av dei fremste symbola på norsk demokrati og folkestyre. Utstillinga i historisk sal viser mellom anna skisser som Wergeland laga under arbeidet med målarstykket, og ho set målarstykket inn i ein politisk og kunsthistorisk samanheng.

Olemic Thommessen opnar utstillinga om okkupasjonen.



Sametinget på Stortinget

Sametinget heldt plenumssamling på Stortinget frå 21. til 25. september 2015.

Mellom sakene var samisk reiseliv og tilbakeføring av samisk kulturarv.

Sametinget brukte heile veke 39 på plenumssamlinga. Måndag og tysdag vart det gjennomført komitémøte i komitéhuset på Stortinget. Plenumsmøta starta opp onsdag og vart haldne i lagtingssalen.

Det var i høve 25-årsjubileet for Sametinget at Stortinget hadde invitert Sametinget til å halda éi av dei fire årlege plenumssamlingane sine i stortingsbygningen. Presidentskapet hadde òg invitert til offisiell mottaking i vandrehallen og der nytta representantane frå Sametinget og Stortinget høvet til å verta betre kjende med einannan.


Plenumsleiar i Sametinget Jørn Are Gaski overrekte ei gåve til Stortinget som takk for gjestfridomen. Riksantikvar Jørn Holme hadde æra av å overrekkja Sametinget ei gåve som Holme har hatt i privat eige sidan studietida, målarstykket «La elva leve» av Rolf Groven.

Sametinget var ansvarleg for program og gjennomføring av plenumssamlinga. Stortingsadministrasjonen hjelpte til med praktisk gjennomføring.

Olemic Thommessen helsar Sametingets plenumssamling velkomen i lagtingssalen.



Byggjearbeid på Wessels plass og i Prinsens gate 26



Sidan 2014 har Stortinget drive store byggjearbeid på Wessels plass og i Prinsens gate 26.



Prinsens gate 26 og Wessels plass.

Prinsens gate 26 er eigedomen i stortingskvartalet som ligg mot Wessels plass og stortingsbygningen. Alunskiferen under eigedomen har gjeve bygningen monalege svelleskadar og skadane måtte utbetrast, i tillegg var teknikken i bygget utdatert.

For å møta behovet for større areal, fjerna alunskiferen under bygget og samstundes oppgradera bygget til å møta morgondagens krav til arealeffektivitet, energiforbruk og teknikk ville det vera mest effektivt og løysamt å riva Prinsens gate 26, og byggja nytt og moderne.

Riksantikvaren har vurdert kulturminneverdien til Prinsens gate 26 som relativt høg og har tilrådd å verna fasaden. Stortinget fekk løyve til å riva bygningskroppen og fjerna alunskifer under eigedomen, men den cirka 1 165 tonn tunge, 25 meter høge, 40 meter lange og 20 meter djupe majestetiske fasaden frå 1881 skulle takast vare på i den opphavlege forma. Fasaden skal stå att medan innmaten vert riven og det vert grave ut under eigedomen. Så skal det byggjast eit nytt bygg inni skalet av det gamle.

For å sikra fasaden mot skadar vart det montert ei stålförsterking som fungerer som eit slags skjelett. Försterkinga utgjör 130 tonn stål. For å kunna grava under fasadane måtte ho setjast på mellombels fundament.

Hittil har det vore éin kjellaretasje i bygget. Når rehabiliteringa er ferdig skal det vera to fulle kjellarar under anlegget. Desse skal integrerast med kjellarstrukturen i grannebygga og under Wessels plass. Det inneber å riva eksisterande grunnmur, grava ned til vel ti meter under gateplan, og støypa ny grunnmur opp til dagens grunnmursnivå. Dei mellombels fundamenta måtte dermed to meter djupare enn det nye grunnplatenivået. Det vart bora ned vel 25 pålar, om lag ti meter lange, som den 1 165 tonn tunge fasaden kviler på medan grunnen vert graven ut og nytt fundament vert støyppt.

NYTT POST- OG VAREMOTTAK

Parallelt med reetablering av Prinsens gate 26 skal det byggjast nytt post- og varemottak under Wessels plass og ein tilkomstunnel skal byggjast frå Rådhusgata, under Nedre Vollgate. Det nye post- og varemottaket skal bidra til å forenkla og sikra mottaket av alle varer til og frå Stortinget. Mottaket kjem til å fylla Wessels plass frå stortingsbygningen til Prinsens gate 26, og vert bygd cirka ti meter under gatenivå.

För rehabiliteringa utgjörde eigedomen 6 375 kvadratmeter og gav plass til vel 100

kontorarbeidsplassar. Når arbeida er ferdige skal arealet vera auka til 7 376 kvm. og kan romma opptil 170 arbeidsplassar. I tillegg kjem vel 2 000 kvadratmeter i nytt post- og varemottak.


Prinsens gate 26

Byggjear: 1881
Areal: 6 375 kvm.
Arkitekt: Henrik Nissen
Etasjar: 6

Overtaken av Stortinget i 1972
Eigedomen er regulert til å takast vare på
Areal etter rehabilitering: 7 370 kvm.

Stortinget på nett

Stortinget.no er den offisielle nettstaden til Stortinget. I 2015 fekk sidene eit nytt responsivt design som tilpassar seg mobile einingar.



Stortinget.no i nytt design tilpassa mobiltelefon og nettbrett.

Nettstaden gjev mellom anna informasjon om samansetnaden i Stortinget, representantane, komitear og delegasjonar, publikasjonar, saker og saksgang i Stortinget, nett-TV og videoarkiv frå stortingssamlingar og komitéhøyringar, aktuelle nyhendeoppslag og informasjonssider om Stortinget og folkestyret på nynorsk, bokmål og engelsk.

Opne data frå Stortinget er tilgjengelege frå Stortingets datateneste data.stortinget.no.

STORTINGET.NO TILPASSA MOBIL OG NETTBRETT

Måndag 2. mars 2015 vart ein ny versjon av stortinget.no i såkalla responsivt design lansert. Bakgrunnen for omlegginga var eit behov for å tilpassa nettstaden til den jamt aukande bruken av mobile einingar. Med eit responsivt design tilpassar nettsidene seg skjermflata til brukaren, slik at ein får ei god brukaroppleving same kva eining ein brukar.

I utgangspunktet er stortinget.no gjort responsivt med same innhald, struktur og funksjonalitet som før. Nettsidene har samstundes fått eit nytt grafisk design, betre navigasjon og ei heilt ny framside. Saksgangsvisinga og søket er dessutan forenkla.

SOSIALE MEDIUM

Stortinget og stortingsbiblioteket har Twitter-kontoar (@Stortinget og @Storbibl).

Grunnlovsjubileet har vore aktivt på Twitter (@grunnloven200) og Facebook ut jubileumsåret 2014.

Undervisningsfilmar, opptak av taler o.l. vert lagde ut under Stortingsfilm på YouTube.

Grunnlovsjubileet har brukt Instagram til biletdeling, medan Stortinget elles legger ut bilete på Flickr.

Stortingspresident Olemic Thommessen har oppretta ein engelskspråkleg blogg med hovudvekt på interparlamentarisk samarbeid på www.olemicthommessen.com.

NYHENDEBREV PÅ E-POST

På stortinget.no kan ein melda seg på og finna arkiv for ei rekkje nyhendebrief. Ein kan abonnere på pressemeldingar frå Stortinget, nyhendebrief for lærarar og det vekefaste nyhendebriefet EU/EØS-nytt utarbeidd av stortingsbiblioteket. Framlegg til rettsakter frå Europakommisjonen som Stortinget tek imot, vert sende ut på e-post i nyhendebriefet «Antatt EØS-relevante rettsakter».

PERSPEKTIV-SERIEN

Utgreiingsseksjonen på Stortinget gjev ut skriftserien «Perspektiv» der notat frå seksjonen sjølv, eller frå eksterne fagpersonar og forskingsmiljø på oppdrag frå seksjonen, vert gjorde ålment tilgjengelege. Desse kan lesast på www.stortinget.no.

I 2014/2015 kom desse utgåvene ut:

- *Konsesjonssystemet for markedsplassar for finansielle instrumenter*
- *Om den EØS-rettslige adgangen til å kjøpekraftsjustere trygdeytelser*
- *Støtteordninger og skattefordeler for barnefamilier – dagens regelverk og historisk utvikling*

LYDBOKUTGÅVE AV «MINA OG LØVA»

Barneboka «Mina og løva» er skriven av Elin B. R. Tømte og er utgjeven av stortingsadministrasjonen. Ei lydbokutgåve på bokmål er tilgjengeleg på stortinget.no. Boka er lesen av Runa Eilertsen, med føreord lese av stortingspresident Olemic Thommessen. Frå før har skrivne versjonar av boka på bokmål, nynorsk og nordsamisk vore tilgjengelege frå stortinget.no.

BROSJYRAR PÅ RUSSISK OG SAMISK

Brosjyren «Noregs nasjonalforsamling» kom ut i utgåver omsette til russisk og nordsamisk sommaren 2015. Frå før finst denne brosjyren på bokmål, nynorsk, engelsk, spansk, fransk, tysk og polsk. Alle utgåvene kan lastast ned frå www.stortinget.no.

Omvisingar og tilbod til skulane

Stortinget tilbyd omvisingar i stortingsbygningen gjennom heile året. Skuleklassar og andre gjester får eit solid innblikk i historia og verksemda til Stortinget med stortingssalen som eit høgdepunkt.

I 2014 var alle omvisingar innom utstillinga «Skjebneåret 1814. Fire dokument som forma Noreg», der det vart lagt særleg vekt på 1814 og Grunnlova. I 2015 vert fleire jubileum markerte, deriblant Riksretten gjennom 200 år, målarstykket Eidsvold 1814 er 130 år og 70-årsmarkering for den tyske invasjonen av Noreg. Omvisingane er tilpassa målgrupper. I 2014–2015 vart det halde omvisingar for barneskulen med til saman 253 deltakarar og eigne omvisingar for minoritetsspråklege med til saman 908 deltakarar.

Omvising for skuleklasser og andre grupper: 791 grupper, 17 432 deltakarar

Interne omvisingar (omvisingar haldne av representantar og tilsette) – 100 grupper, 2 530 deltakarar

Laurdagsomvisingar: 27 grupper, 2 240 deltakarar

Sommaromvisingar 2015: 24 grupper, 720 deltakarar
Kunstvandringar: 16 grupper, 270 deltakarar

Stortinget har ei kunstsamling på om lag 800 objekt. Høgdepunkt i samlinga vert viste fram under dei opne kunst-omvisingane fyrste måndagen i månaden frå oktober til juni. Resten av måndagene er reservert for gruppetinging.

MINITINGET

MiniTinget er eit interaktivt læringsspel for vidaregåande skule der elevane trer inn i rolla som stortingsrepresentantar. Klassen vert delt inn i fire fiktive parti og jobbar med saker frå framlegg til vedtak. Elevane lærer saksgangen i Stortinget og får sjølv røyna korleis dei som aktive medborgarar kan vera med på å påverka og setja den politiske dagsordenen.

I 2014–2015 vart det halde 229 spel med til saman 6 308 deltakarar. På grunn av byggjearbeida på Stortinget kjem «Rett på sak» i staden for MiniTinget frå hausten 2015 og på ubestemd tid.

RETT PÅ SAK

«Rett på sak» er eit nytt politisk læringsspel for elevar i den vidaregåande skulen der elevane vert introduserte for ulike roller i det politiske livet.

I «Rett på sak» vert klassen delt i parti der dei skal skriva partiprogram, debattera mot dei andre partia og til slutt gå til stortingsval. Spelet gjev eit praktisk innblikk i måten dei folkevalde jobbar og set saker på dagsordenen.

«Rett på sak» vart lansert i august 2015.





VALET ER DITT

Valet er ditt er eit politisk læringsspel for elevlar i ungdomsskulen.

Stortinget tilbyr to versjonar av Valet er ditt: «Valet er ditt – 2050» og grunnlovsversjonen «Valet er ditt – 2014». I båe versjonane jobbar elevane i parti. I «Valet er ditt – 2050» lagar elevane sine eigne partiprogram, medan dei i «Valet er ditt – 2014» lagar si eiga grunnlov. Elevane skal deretter presentere grunnlova eller partiprogrammet framfor klassen. Etterpå røystar klassen over partiet dei meiner har dei beste løysingane.

I 2014–2015 vart det halde 119 spel med til saman 2 609 deltakarar.

Open dag 1. desember

1. desember 2014 arrangerte Stortinget opne omvisingar i samband med julegrantenninga på Eidsvoll's plass. Publikum fekk servert gløgg og fekk oppleva korsong med Sølvguttene, ein juledekorert stortingsbygning og den originale Grunnlova av 17. mai utstilt i historisk sal.

Talet på besøkjande: 130 personar.

Stortinget gjennomførte òg opne omvisingar 10. april (210 besøkjande) og 29. mai 2015 (180 besøkjande).

LÆRARKURS

To gonger i året arrangerer Stortinget kurs i stortingskunnskap for samfunnsfag- og historielærarar.

I 2014–2015 hadde kursa stor pågang av deltakarar og profilerte føredragshaldarar som Jonas Gahr Støre, Siv Jensen, Olemic Thommessen og Kåre Willoch. Føredragshaldarane presenterte oppgåvene og samfunnsrolla til Stortinget. Til slutt var det paneldebatt med medlemmer frå kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen. Til saman deltok om lag 120 lærarar frå heile landet på kursa.

REISETILSKOT

Skuleklassar som skal vera med på dei interaktive rollespela på Stortinget kan søkja om økonomisk støtte.

Reisetilskotet er tiltenkt klassar med lang reiseveg og kor mykje støtte ein får varierer utifrå kor lang reiseveg klassen har. For kalenderåra 2014 og 2015 løyvde Stortinget 2,5 millioner og 3,5 millioner kroner til reisetilskot. I sesjonen 2014–2015 fekk 100 klassar reisetilskot.

Kåre Willoch saman med deltakarar på lærarkurset.




Stortingsadministrasjonen per september 2015



Utover dei 169 representantene har 461 personar det daglege arbeidet sitt på Stortinget.

I tillegg kjem dei som er tilsette av dei politiske partia og arbeider i partigruppene.



Stortingsdirektør Ida Børresen er den administrative leiaren for Stortinget. Her helsar ho på stortingspresidenten under den høgtidlege opninga av Stortinget i 2014.
(Foto: Stortinget/Terje Heiestad)



© Stortingsadministrasjonen
Kommunikasjonsavdelinga
Oslo 2015

ISBN 978-82-8196-111-1
Nynorsk

Illustrasjonar:
Stortinget der ikkje anna er oppgjeve

Layout og produksjon:
07 Media AS
www.07.no



Stortinget

Stortingets administrasjon

Karl Johans gate 22, 0026 Oslo

Telefon sentralbord: 23 31 30 50

Stortingets informasjonsteneste

Telefon: 23 31 33 33 – info@stortinget.no

www.stortinget.no